



Reach Within to Embrace Humanity

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Magnar Hatløy  
Visepres: Jarle Kristiansen  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Vigdis Riise  
Styremedlem: Karin S. Holstad  
Styremedlem: Øystein Alme  
Ansv.red.: Aage Nytun  
Referent: Kirsti Øvrelid

### Fødselsdagar i januar:

Eileen Brandal	06. januar
Hans Gisle Holstad	07. januar
Vigdis Riise	14. januar
AnderS Riise	25. januar

Frammøteprosent januar: 64,4

---

---

### **Januar i blått og gull.**

*bak skyene skinner alltid sola  
himmelen er alltid blå*

*det har jeg finni ut nå  
etter å ha vært i en mørk kjeller  
med liten utsikt  
og lite lys*

*nå med store vinduer  
som legger ramme rundt et vakkert vinterbilde  
ser ut på snøen som henger tungt på trærne  
en lysblå himmel hvor sola henger  
som en gyllen gullkule  
strør glitter på snøbildet*

*alt ser lyst og vakkert ut  
mot det nye året*

*Monaliza*

---

## **Møte i Hareid Rotary 2. januar 2012**

Etter å ha ønska alle godt nytt år og etter songen "Du skal få en dag i morra...", fekk vi orientering om diverse Rotary-sider på Internett.

Magnar Hatløy orienterte om sidene som sel ulike rotary-effekter: <http://www.mamut.net/bislettrading/shop>. Sida kan også nåast direkte frå Hareid Rotary si heimeside, og det er mykje å få kjøpt der, som nåler, smykke, belte, sjal, slips, vimplar osv.

Oddvar Haugen orienterte så om Hareid Rotary sine sider på [www.hareid.rotary.no](http://www.hareid.rotary.no). Han rår alle som bruker internettet om å gå inn på sidene og sjå på alt som ligg der. Under Informasjon/Arkiv legg t.d. alle månadsbrev bakover i tid.

Rotarymedlemer kan også gå inn på Rotary Norge sine sider og oppdatere og vedlikehalde informasjon om seg sjølv. Det vart sendt ein mail til alle med brukarnamn og passord hausten 2011, den som ikkje finn igjen denne kan få brukarnamn(logonID) og passord av sekretær Arne Gunnar Aschehoug.

## **Møte i Hareid Rotary 9. januar 2012**

Denne dagen fikk klubben besøk av to 18 år gamle gutar frå Herøy som hadde vore på sommarleir i England arrangert av Rotary, Sebastian Frøystad og Stian Myklebust.

Sebastian starta med å spele eit flott stykke på piano. Deretter viste dei bilde og fortalde om opphaldet. Dei budde først hos kvar si vertsfamilie i 4 dagar, og desse viste dei rundt i området der dei budde. Deretter var dei på camp i 10 dagar, dei 2 frå Norge og 9 andre frå ulike land i Europa.

Dei fekk sjå mykje på ulike turar, m.a. til Isle of Man og til Manchester med besøk på Old Trafford. Dei dreiv også med ulike aktivitetar som klatring, og dei måtte lære å jobbe i team, kommunisere og lære av kvarandre. Dei besøkte også rotaryklubbar. Målsettinga med campen var vennskap og språk. Dei betalte reisa sjølve, resten var gratis, og Jon frå Herøy Rotaryklubb kan gi opplysning om tilsvarande leirar i 2012 desom nokon veit om nokon som kan tenke seg dette.

Foredraget vart avslutta med at Sebastian spelte endå eit flott musikkstykke på piano.

## **Møte i Hareid Rotary 16. januar 2012**

Bård Bigset skulle kome og vise film frå "gamle dagar", men han hadde tatt feil av tidspunktet så det vart programfritt i staden.

## **Møte i Hareid Rotary 23. januar 2012**

Etter at vi hadde sunge "Vi vandrer med freidig mot", ga presidenten ordet til

### **Johs. J Hareide som fortalde historia om Rotarystien.**

Då Johs. J Hareide vart president i 2001, bestemte han seg for at hans prosjekt skulle vere å få laga til sti langs Hareidselva. Han og kona er glade i å gå tur, og på den tida var det umulig å gå tur langs heile elva. Han fikk med seg medlemene i Rotary på dette, og ikkje lenge etter vart første dugnaden gjennomført: å ta ned tre langs Vabakkbrua.

Det vart søkt ulike stader etter midlar, dåverande kultursjef Hans Giske Holstad hjalp til med dette. Nordhaug, tilsett i Hareid kommune, teikna oppbygginga av stien. I 2003 vart det gjort formelt vedtak i kommunestyret om at stien langs Hareidselva skulle støttast ved at teknisk etat skulle hjelpe til. Det vart mange dugnader framover, med godt frammøte. Alle presidentane etter 2001 har vore positive til prosjektet, men Johs J Hareide har vore primus motor med Elias Sellevoll og Arne G Grimstad som sine viktigaste medhjelparar

Først ute med pengebevilgning var Sparebanken Møre, som bevilga kr. 30.000. Seinare kom Gjensidigestiftelsen med kr. 130.000, og tilskot frå spelemidla med kr. 197.000. For å få spelemiddel måtte det til tinglyst hefte på alle eigedomane langs stien der grunneigarane godtok at stien gikk over deira eigedom, og Johs. J gikk frå gard til gard for å samle underskrifter. Seinare kom det støtte frå elveeigarlaget, Saniteten, Landbrukskontoret, Hareid Rotary og andre. Største bidragsytaren totalt har vore Sparebanken Møre, som har gitt støtte fleire gonga, m.a. til oppattbygging av kvernhuset.

John Stennes, som overtok som president etter Johs. J, fortsette arbeidet og fikk avtale med Øyvind Yri, som ville "bygge" stien vidare framover. Han gjorde ein del, men stoppa, m.a. pga kulde.

Johs. J og Terje Dalsøren leitte etter ein høveleg stad til å lage bru over elva, noko som var vanskeleg fordi det er naturreservat ved Grimstadvatnet. Dei fekk til slutt fylket si miljøvernnavdeling til å kome, og han som var der rådde dei til å legge brua ved "traktorbrua". Arne G Grimstad og Johs J bygde forskaling ved bruk av materiale og jarn frå Spenncon, og elementa frå Spenncon vart heiste på plass av Langseth. Arne og Johs måtte drille hol i elementa for å leie vekk vatn i perioder med frost, ein tøff jobb.

Tafjord Kraft ved Eltel skulle legge breiband i kommuna, og viss Rotary kontakt grunneiganane, skulle TK bygge gratis sti frå Ekornes til brua. Johs samla underskrifter, og ein god del av stien er no bygd over breibandgrøfta.

Miljøvernavingdelinga begynte etter kvart å protestere på "nye-brua" og mykje arbeid vart lagt ned for å sleppe å demontere brua. Det kom til slutt folk frå Trondheim for å sjå på saka, og det enda med at grensa for naturreservatet vart flytta framom brua. Naturvernområdet i Kaldholen er framleis ei hindring for å få stien lenger fram. Breiband-grøfta går no heilt fram til Eidet, kanskje kjem stien også så langt etter kvart? Foreløpig er det stopp ved Kaldholdomen inntil ein finn ein stad det er lov å lage bru over elva.

Kvernhuset har no blitt ein del av Rotarystien. Reidar Hareide tok opp spørsmålet om gjenreising av dette. Dei store bedriftene som etablerer seg på Raffelneset er opptatt av at det er fint rundt dei, og var med på å bestemme at kvernhuset burde settast oppatt. Materialet i det gamle huset var så øydelagt at det ikkje var råd å få tilskot frå kulturvernmidla. Materialet det no er bygt av er frå gamle våningshuset i Kaldholen. Berge Hjørungnes teikna restaureringa, Gunnar Hjørungnes har stått føre arbeidet. Det har vore mange bidragsytarar, som Hareid Group, Spenncon, Franzeforss, Jets Vacuum og Stromek. Hareid kommune har forsikra og har ansvar for kvernhuset.

Det har vore gjort ein formidabel innsats av Rotary-medlemmer for å bygge stien. Det er også ein del arbeid med årleg vedlikehald på stien, med grusing og kantslått og kutting av småskog som vil vekse opp. Men stien blir sett stor pris på av folk på heile øya og blir svært mykje brukt. Noko av suksessen med stien er at den er lett å kome til, svært mange når den utan bil, og den er lett å gå også for folk som er lite føre.

## **Møte i Hareid Rotary 30. januar 2012.**

Denne dagen kom

### **Bård Bigset**

og viste fleire gamle filmar som han har tatt med sine ulike smalfilm-kamera. Han fikk det første i 1965, og han filma "gamle" folk når han fekk dei på skothald. Første tida måtte filmene sendast til Sverige for framkalling, seinare fikk han filmene overført først til video, så til DVD.

Det var mange artige episoder å sjå, frå folk som poserte for filmkameraet til 17. mai-feiring på bygdatunet og eldretreff på Hadartun.

Etter at filmene var slutt fortalde Bård artige historier frå "gamle" dagar. Ei triveleg stund!